

**KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 1915/96**

av 3. oktober 1996

**om endring av forordning (EF) nr. 554/95 om nærmere regler for  
betegnelse på og presentasjon av musserende viner og  
kullsyreimpregnerte musserende viner(\*)****KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 822/87 av 16. mars 1987 om den felles markedsordning for vin<sup>(1)</sup>, sist endra ved forordning (EF) nr. 1592/96<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 72 nr. 5, og

ut frå desse synsmåttane:

I rådsforordning (EØF) nr. 2333/92<sup>(3)</sup>, sist endra ved forordning (EF) nr. 1429/96<sup>(4)</sup>, er det fastsett allmenne reglar for nemning på og presentasjon av musserande vinar og kolsyreimpregnerte musserande vinar.

Den tradisjonelle særnemninga «Qualitätsschaumwein garantierten Ursprungs» vart godkjend for Tyskland ved artikkel 15 nr. 2 bokstav a) fjerde strekpunktet i rådsforordning (EØF) nr. 823/87 av 16. mars 1987 om fastsettelse av særlege bestemmelser om kvalitetsviner fra bestemte dyrkingsområder<sup>(5)</sup>, sist endra ved forordning (EF) nr. 1426/96<sup>(6)</sup>. For at denne nemninga skal kunne nyttast som varenemning på ein musserande kvvd, må ho setjast inn for Tyskland i artikkel 4 nr. 1 i kommisjonsforordning (EF) nr. 554/95<sup>(7)</sup>.

Som følge av endring av den tyske og den spanske lovgjevinga bør lista over geografiske namn i vedlegg I til forordning (EF) nr. 554/95 tilpassast.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 3. oktober 1996.

For Kommissjonen

**Franz FISCHLER**

Medlem av Kommissjonen

Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Forvaltingsutvalet for vin -

**VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:****Artikkel 1**

I forordning (EF) nr. 554/95 vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 4 nr. 1 skal ny bokstav g) lyde:

«g) for Tyskland:

«Qualitätsschaumwein garantierten Ursprungs».

2. I vedlegg I

a) nr. 1 «For Tyskland» går bokstav c) «Saar» ut under den geografiske eininga «Rhein-Mosel»,

b) nr. 3 «For Spania» går den geografiske eininga «Almendralejo» ut.

**Artikkel 2**

Denne forordninga tek til å gjelde sjuande dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

(\*) Denne EF-rettsakten, kunngjord i EFT nr. L 184 av 24.7.1996, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 102/97 av 15. desember 1997 om endring av EØS-avtalens protokoll 47 om opphevelse av tekniske hindringer for handel med vin, se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(1) TEF nr. L 84 av 27.3.1987, s. 1.

(2) TEF nr. L 206 av 16.8.1996, s. 31.

(3) TEF nr. L 231 av 13.8.1992, s. 9.

(4) TEF nr. L 184 av 24.7.1996, s. 9.

(5) TEF nr. L 84 av 27.3.1987, s. 59.

(6) TEF nr. L 184 av 24.7.1996, s. 1.

(7) TEF nr. L 56 av 14.3.1995, s. 3.